



- Dette har eg aldri rekna med, seier den nye KV-leiaren

**Asbjørn Sæle overtek etter sin yngre bror Tor Vidar som leiar for KV (tidlegare AFA) og i dag er han på plass bak skrivebordet i Uskedalen. Han tek fatt på 3 års engasjement i ein jobb som han i utgangspunktet slett ikkje satsa på å få. - Dette har eg aldri rekna med, seier Asbjørn til uskedalen.no medan han sit og kompletterer kunnskapane sine om den nye arbeidsplassen. Han er etter alt å dømme godt på tur.**

Asbjørn er med rette imponert over jobben til broren. Sidan han tiltrådte i 2007 er talet på ansatte omtrent fordobla til rundt 50.  
- Og her er alt ryddig og oversiktleg, konstaterer Asbjørn.

Dei fyrste 2 vekene skal han jobba saman med Tor Vidar som med permisjon er på veg inn i ein toppjobb på Flesland Lufthamn.

Tor Vidar og Asbjørn vaks opp i ein syskenflokk på 5 på Eikelandet, men namnet kjem frå Sunnfjord som faren 'emigrerte'

frå. Asbjørns fyrste ykesval var møbelsnikkar, noko han forøvrig har praktisert att på KV i det siste.

Han utdanna han seg som bygningsingeniør i Stavanger og har administrert byggjeprojekt næmast over heile landet. Men framfor alt har han dreve Sandvoll Bygg i 25 år fram til 2008 då Geir Rusten kjøpte firmaet. Asbjørn hadde der 10 mann i brødet på det meste.

I dei seinare åra har han vore innom Bergen før han på eigen kjøl starta aksjeselskap i bygningsbransjen. Firmaet har svært mange oppdrag og ingen ansatte. Asbjørn understreker at det slett ikkje er fordi firmaet hans har problem han no satsar på ein ny og krevjande arbeidsplass.

- Eg kjem til å halda fram med mitt eige selskap ved sida av KV-jobben. Det vert lange dagar, men eg likar å jobba, seier Asbjørn.

Han har budd på Valen sidan 1993 og vil sjølv sagt halda fram med det.  
- Men eg er og blir uskedeling, slår han fast.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen